



# Kvinnherad kommune

Fellestenester  
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Evvy Brekke  
Haugstølsvegen 121

5499 ÅKRA



Saksbehandlar  
Karin Thauland

Tlf. direkte innval  
53483258353

Vår ref.  
2015/2201-3

Dykkar ref.

Dato  
02.09.2015

## Særutskrift - 272/1 - deling av eigedom - Åkra - Evvy Brekke

Kvinnherad forvaltningskomité hadde saka føre i møte 26.8.2015 som sak 2015/95.  
Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

Dersom du vurderer å klaga på vedtaket, viser vi til reglane i forvaltningslova samt eventuelt bestemmelsar i særlov om klage.

Klagefristen er 3 veker frå du har motteke denne meldinga om vedtaket.

Med helsing

Bente Høyland  
Møtesekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Karin Thauland

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

*Saksmappe Saksbehandlar*

2015/2201-2 Karin Thauland

Saksgang		
<i>Saksnr</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>

## **Behandling delingssak - 272/1 - Åkra - Evy Brekke**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Løyve til deling etter jordlova §12:

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad viser til saksframstillinga og gir søkjar løyve å dele frå eit areal på inntil 25 dekar av sin eigedom gnr/bnr 271/1. Vedtaket er gjort med heimel i jordlova §12.

Det vert sett som vilkår at arealet vert føydd saman med gnr/bnr 272/6.

### **Behandling i Forvaltningskomiteen den 26.08.2015**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 26.08.2015**

#### **Løyve til deling etter jordlova §12:**

***Forvaltningskomiteen i Kvinnherad viser til saksframstillinga og gir søkjar løyve å dele frå eit areal på inntil 25 dekar av sin eigedom gnr/bnr 271/1. Vedtaket er gjort med heimel i jordlova §12.***

***Det vert sett som vilkår at arealet vert føydd saman med gnr/bnr 272/6.***

### **Saksutgreiing:**


#### **Om søknaden;**

Det blir søkt om løyve til å dele frå eit areal på 25 dekar frå gnr/bnr 272/1. Arealet skal framleis nyttast til landbruk. Arealet ligg inntil gnr/bnr 272/6 og langs gardsvegen til gnr/bnr 272/1.

Bruket arealet vert søkt delt i frå, har om lag 2 dekar fulldyrka jord, 14 dekar overflatedyrka og 45 dekar beite, 63 dekar produktiv skog og 47 dekar anna areal –tilsaman 171 dekar i følgje Skog og landskap sine gardskart. Det er pr i dag ikkje dyr på dette bruket.

Teigen som vert søkt frådelt, vart gitt i gåve til kjøpar av tidlegare eigar Andrias Haugstøl i 1978. I 1977 var det delt i frå ei bustadtomt på nærare eit dekar til Eikemo.

Det vart i 1978 søkt om frådeling av ein parsell på 6-8 dekar som skulle leggjast til bustadtomta. Arealet var då myr og grunnlend mark, og ikkje dyrka opp. Fylkeslandbrukskontoret av slo den gong søknaden. Saka vart anka til lanbruksdepartementet. Valbjørg og Kjell Eikemo har disponert arealet i 36 år i tilknytning til bustadtomta si. Dei har dyrka opp arealet og driv aktivt landbruk med sau.



### Arealet:

Arealet er i kommunedelplanen avsett til Landbruk, Natur – og Friområde. Det vert ikkje endring i bruken.

### Jordlovbehandling:

Saka er vurdert etter § 12 i jordlova og rundskriv M-4/2003 frå landbruksdepartementet.

*Paragraf 12 i jordloven inneheld eit forbod mot deling av eigedomar som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk.*

*Det kan gjevast samtykke til deling dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller ei deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gje. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal og takast omsyn til godkjende planar som ligg føre for arealbruken etter plan og bygningsloven og omsynet til kulturlandskapet.*

*Reglane i jordloven § 12 må tolkast i lys av føremålet i jordloven. Føremålet med jordloven er å leggje høva slik til rette a jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.*

*Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vere miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern av jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske og dyr.*

*Forbodet mot deling er mellom anna eit naturleg motstykke til føremålet i jordloven om å styrke driftsåningane. I vurderinga er det eigedomen vurdert i eit langsiktig perspektiv som er det sentrale.*

Avkastninga bruket kan gi vil bli svekka ved delinga.

Tidlegere eigar og noverande eigar har i alle år sett på arealet som kjøpar sitt. Saka var oppe i 2008 i forvaltningskomiteen og avslått med grunngeving av at det ikkje var samfunnsinteresser som skulle tilseie at delinga var forsvarleg.

Dei seinare åra har fråflyttinga auka i området. Bygdelaga i Åkra og på Baugstranda deltek i eit bygdemobiliseringsprosjekt og jobbar svært aktivt med tilflytting. Å skape arbeidsplassar og trivsel for folket er ein viktig oppgåve. Søkjarane bur på gnr/bnr 272/6 og driv arealet.

Etter rådmannen sitt syn, er det i samfunnet si interesse at busettinga vert sikra, arealet vert drifta og kulturlandskap vert halde i hevd. Ut i frå opplysningane som legg føre, finn rådmann å kunne rå til deling som omsøkt.

Vedlegg: Søknad